

**Fra:** Evy Kleivane (Evy.Kleivane@hfk.no)  
**Sendt:** 18.03.2016 10:55:16  
**Til:** Opplæringsavdelinga - Postmottak  
**Kopi:** Nils Skavhellen

**Emne:** Kommentar til prognoseinntak 2016  
**Vedlegg:** image003.jpg;image002.jpg  
**Hei!**

Me viser til prognoseinntaket av 14.03 med dykkar merknader. I fjor i mars var meldinga at me truleg ville få eit elevtal på under 100. I inneverande skuleår har me 114 elevar – så stigninga var på over 10 elevar i høve prognosen. Småttall kanskje – men, for oss som er små – likevel store og avgjerande tal i høve drift av våre tilbod ☺  
 For komande skuleår er prognosane ganske like – litt stigning. Det gjev grunn til optimisme ☺ ☺ ☺ Om trenden frå tidlegare år held fram, vil me kunne plusse på med 10-15 elevar og ha eit av dei betre åra.

Me vonar de vil gje oss mogleiken til å nå desse tala for komande skuleår ved å late oss behalde dei tilboda me har pr. i dag.

Pr.områdekode	Pr.områdenavn	2015 – 2016		2016 – 2017	
		Totalt ungdom (alle)	Primær	Totalt ungdom (alle)	Primær
TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	21 (23)	19	18 (23)	
HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	15 (15)	9	15 (24)	
TPPIN2----	Industrieteknologi	13 (15)	13	11 (14)	
ELELE2----	Elenergi	12 (14)	12	11 (15)	
ELELE1----	Elektrofag	11 (15)	9	15 (19)	
BABYG2---	Byggteknikk	-	-	9 (10)	
BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	10 (10)	9	7 (9)	
HSHEA2----	Helsearbeiderfag	6 (6)	5	3 (11)	
TPKJT2----	Kjøretøy	4 (7)	4	5 (10)	
	<b>SUM</b>	<b>92 (105)</b>	<b>80</b>	<b>94 (122)</b>	

I Kvam herad er det, og har vore, ein nedgang på elevtala og søkjargrunnlaget til vg skular. Totaltalet for 10.ande klassingar er opp med 10 elevar no, og det er det talet me har i auka av søknader i høve prognosen. Difor er me særns nøgde med prognosane våre dette året, sjølv om det går fram at tre klassar har låge tal. Me tenkjer at det kanskje syner trenden om ei auka interesse for yrkesfag ☺

Til neste år er elevkullet for Kvam høgare att.

Difor tykkjer me det er viktig å oppretthalde tilboda våre i inneverande og komande år, både for å ivareta distrikta og oppretthalde fagkompetansen, for me trur at behova vil vera der i komande år – absolutt ☺

Skuleår	Kvam USK	Strandebarm USK	Jondal USK	SUM
2014/2015	82	20	12	124
2015/2016	69	28	12	109
2016/2017	82	19	18	119
2017/2018	105	22	10	137

Fagleg utvikling og samarbeid i dei ulike fagmiljøa er naudsynt, både for at elevar og tilsette skal trivast, og at det gror fram ein god program- og skulekultur. Ei stor breidde i dei ulike fagmiljøa vil vera eit gode for lokalmiljøet og samarbeid på tvers av både skular og lokalt næringsliv.

Dei tre klassane som har låge tal – Bygg- og anleggsteknikk Vg1, 4 primærskjolar, Byggteknikk Vg2, 6 primærskjolar og Kjøretøy Vg2, med 1 primærskjolar, ynskjer me veldig gjerne å oppretthalda.

I Kvam er det eit stort behov for fagfolk innanfor både bygge- og anleggsbransjen og i bilmekanikarbransjen. Det er særns viktig å tilby programområde ved skulen som arbeidslivet lokalt har behov for, og der det er tilgjengelege læreplassar. Om tilbod vert lagt ned, vil det vera delar av arbeidslivet sine læreplassar som går tapt for utdanningssøkjande ungdom.

Som eit eksempel, prognosane for Vg2 kjøretøy dei to siste åra:

Vg2 kjøretøy	Skuleåret 14-15	Skuleåret 15-16	Skuleåret 16-17
Prognosetala i mars	3 primær	4 primær	1 primær
Tal på elevar i klassen	11 elevar – der 10 fekk læreplass	10 elevar – der 4 allereie har læreplass	10 elevar????? +++

Tala endrar seg gjerne utover våren og sommaren om tilbodet får eksistere.

I distrikta er det mange ungdommar som går 'hardt ut' og vil flytte på hybel, men i løpet av sommaren eller første skuleveke endrar dette seg og dei vil gjerne heim att. Kva skal dei koma heim att til om tilboda er lagt ned?

Våre merknader til prognoseinntaket, vert følgjande:

a) **Vg1 Bygg- og anleggsteknikk;**

Me vil gjerne behalde klassa og kan i deler av opplæringa samarbeide og slå saman klassane på Vg1 og Vg2 nivå innanfor ulike læreplanmål. Det er tungt å arbeide oppatt ei klasse når den har vore nede. Det er betre å kunne marknadsføre eit tilbod gjennom gode elevambassadørar og lærarrollemodellar.

Om det er få skjolar til Vg2 neste år, får me førehalde oss til det då, når det kjem – men, vil for komande skuleår gjera vårt ytterste for at elevane får ein optimal og god læringsarena. Elevar modnar mykje i løpet av 16-18 års alderen, så det mest optimale er at dei har tilbod lokalt på Vg1 .

b) **Vg1 Teknikk og industriell produksjon;**

Me vil gjerne behalde to klassar. Om me reduserer til ein klasse på Vg1 er me redd for framtida til Vg2 Industrieteknologi. Og dersom søkjartalet til Vg1 BA ikkje aukar, slik ein antar i prognosekommentaren, vil me stå i fare for å mista to Vg2 tilbod, både BYG og PIN i 2017.

Det same gjeld her for TIP elevar som BA elevar – i 16 års alderen er dei meir sårbarare og umodne i høve til å flytte og bu på hybel. Det er difor ei stor føremon at dei får eit tilbod som gjer at dei kan bu heime.

Tala syner 17 primærskjolar i år, mot i fjor var det 19 – det er berre 2 elevar i reduksjon. Elevane er ei samansett gruppe med både minoritetsspråklege og 1. februar søkjarar, som krev særskilt tilrettelegging, ivaretaking og oppfølging for å fullføre og bestå. At dei skal klare seg med å bu på hybel eller pendle ser me som vanskeleg for dei å gjennomføre. Skulen har i mange år synt at me har ein god prosedyre for å klare å få til ei tilpassa opplæring utan noko særskilt auka tilføring av ressursar, då klassetala er innanfor ei ramme på 11 og 14 elevar.

c) **Vg2 Byggteknikk og Vg2 Kjøretøy;**

Skulen har i begge fagfelta godt samarbeid med lokalt næringsliv og ynskjer å utplassere elevane i programfaga, slik at deler av opplæringa føregår der. Saman med næringslivet finn me læreplanmål som dei kan gjennomføre i bedrifta. Dette har me gjennomført i inneverande skuleår for Vg2 KJT, med gode resultat. Elevane får auka praksisen sin, noko dei sèt stor pris på, og skulen sparar lønnskostnader på deler av opplæringa. Som nemnt under punkt a), kan me slå saman Vg1 og Vg2 på BA/BYG i både PFO og deler av programområda for innsparring av rammetimar, kor elevane jobbar etter ulike læreplanmål. I faget PFO kan me såleis spare 168 t = om lag 25 % stilling. Elevar me har fått på Vg2 KJT har dei siste åra vore elevar som får oppfylt ynskje nr 2, 3 og 4. Dei har kome frå ulike stader i fylket, men har tatt imot skuleplassen og byrja skuleåret med varierende grad av motivasjon. Gjennom tett oppfølging, kombinasjon av gode faglærarar og verkstader og praksisrom, samt samarbeid med bransje – har elevane blomstra og fullført skuleåret og kome seg i lære. Om ikkje desse resultatane gjev grunnlag for å oppretthalde ein klasse, kva kriterier er det då som vert vektlagt?

- d) **Vg1 elektro;**  
Me tek inn alle elevar, og finn løysingar for organisering av opplæringa.
- e) **Vg1 Helse og oppvekstfag;**  
Me ynskjer å ta inn alle 24 primærsøkjjarane og opprette ein Vg1 klasse til. Grunna oppstart av bruk på vårt nye amfi, med 92 stolar, kan deler av undervisninga bli slått saman med alle desse 24 elevane – men, ikkje i praksisfag som f.eks kjøkken. Grunnlaget for vårt Vg2 tilbod HEA, som me har slite med i fleire år på rad no, vil stå mykje sterkare og tryggare i 2017, om me kan rekruttere frå så mange som 24 elevar.
- f) **Fellesfaga;**  
Fellesfaga for alle Vg2 programma blir slått saman. Skulen har eit splitter nytt auditorium som står klar til å innviast frå hausten 2016, der det er 92 stolar. Det vil då vera god plass til fleire klassar samstundes, og alternative måtar å organisere dette på. Det igjen betingar at me får behalde det klassetaet me har pr i dag, for elles 'raserar' me fellesfaglærar andelen vår og me får få og ingen mogleikar for å vera kreative i organiseringa av timeplan. Samarbeid på tvers av klassar vert svært vanskeleg.
- g) **ENØK-tiltak;**  
Innsparing på arealbruk og oppvarming gjennom bruk av færre klasserom.
- h) **'NYE' Kvam vg skule 01.01.2017;**  
Målsetjinga med den nye framtidige vidaregåande skulen i Kvam, er å skape ein god skule som både er framtidsretta og berekraftig. Ei av dei viktigaste målsetjingane for skulen vil vera å arbeide for stabilitet både i; tilbod til elevane og arbeidsplassar for dei tilsette.  
Då er det viktig at ein ikkje 'struper' det me har pr. i dag – **før** me får kome ordentleg i gang med oppbygginga og starten av den nye skulen i Kvam.  
Rekruttering av kompetanse i distrikta er ei stor utfordring. Om klassetala er som ein «berg og dalbane», er det ikkje mange som vågar å satse på faglærarutdanning eller på skulen som arbeidsstad. Mange av våre tilsette er i gang med utdanning, det er vanskeleg for dei å halde fram med denne om dei blir meldt overtallige midt i utdanningsløpet og event. må over i anna arbeid.  
Overtalsmeldingar er utfordrande og uønskt personalpolitikk. Me ønskjer mest mogleg ro og stabilitet for dei tilsette. Økonomisk sett er det heller ikkje rare vinsten ein får, då det går fleire månader ut i nytt skuleår før lønnskostnadane er avslutta.
- i) **Økonomi;**  
Skulen skal klare å løyse dei økonomiske utfordringane om me vert gjevne tillit til det. Det har me allereie vist førre budsjett år. Trass i dei negative prognosane – har me nådd budsjettmål og i tillegg tent inn over 1 mill. på førre års underskot.  
Skulen er god på å både tilretteleggja og finna gode løysingar innanfor dei tildelte rammene. Gjennom blikk for alle – fokus på den enkelte elev-strategiar, ivaretek me rammetimetala til eleven og tilpassar opplæringa utifrå den enkelte sine føresetningar.  
Me har allereie skissert ulike tiltak for innstramming og sparing, der me slår saman timar for klassar, samarbeider med lokalt og nasjonalt næringsliv om praksis og utplassering i bedrift, og i tillegg arbeidar med reduserte administrative ressursar i både leiingsgruppe, på kontor og bibliotek.

**God påske ☺**

Med venleg helsing  
Norheimsund vg skule

**Eiv Kleivane**  
Rektor

Telefon +47 56 55 65 00 | Mobil +47 95 28 97 04 | Adresse Dalatunvegen40, 5600 Norheimsund | [Sjå vår brosjyre](#)

